



Egil Magnar Eidsnes  
Eidsnesvegen 107 B  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3990 - 17/22962

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

18.08.2017

## Utsleppsløyve for etablering av avløpsledning med utløp til sjø gbnr 215/2 Eidsnes ytre

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Egil Magnar Eidsnes

**Ansvarleg søker:** Egil Magnar Eidsnes

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve for eigedom gbnr 215/2. Bustad har i dag avlaupsanlegg med slamavskiljar med tømning. Ny sjøsledning for avløp skal i framtida nyttast for inntil 4 nye bustader.

Utsleppet går via slamavskiljar, levert av Bia Miljø, før utsleppet vert ført vidare til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe på søknadstidspunktet.

Det vert vist til søknad om utslepp motteke 06.07.17 og elles opplysningar gjeve i sak 16/3990.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan 2011-2023 sin arealdel er definert som LNF-føremål.

#### Nabovarsel

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Utsleppet er ikkje nabovarsla. Det vert vurdert at tilstrekkeleg varsling er gjennomført gjennom inngåtte private avtalar som ligg i saka.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart motteke 07.06.17

### **Reinseløysing**

Det skal nyttast slamavskiljar levert av Bia Miljø AS. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-1. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i mindre følsomt/normalt område, jf forureiningsforskrifta 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget. Serviceavtale ligg føre.

### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket skal plasserast på eigedomen gbnr 215/2 og 215/4. Det ligg føre avtale om plassering av anlegg på eigedomen.

Bergen og Omland havnevesen har gitt tillatelse til utlegging av avløpsleidning i sjø..

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik den ligg føre.

Det er planlagt bygd inntil 4 nye brukseiningar som skal knyttast til avløpsledinga. Då det ikkje er søkt om utsleppsløyve for desse i motteken søknad må det søkast om eige utsleppsløyve ved framtidig etablering av bustader.

### **Plassering**

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart motteke 07.06.17

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avlaupsanlegget krev at det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova. Avlaupsanlegget vert handsama som eige vedtak.

VEDTAK:

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp til sjø frå slamavskiljar på følgjande vilkår:**

1. Anlegget skal være av typen som oppgitt i søknad.
2. Plassering i samsvar med kart sendt inn 07.06.17.
3. Utsleppsløyve vert gitt for 5 pe på gbnr. 215/2.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillende krav i forureiningsforskrifta §§12-7 til 12-13
5. Eigedommen skal knytast til offentleg godkjent avlaupsleidning dersom slik vert ført fram til området og kommunen set krav om tilkobling til dette.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

Bortfall av løyve

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3990

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913  
B

EIKANGERVÅG

